



DEN NORSKE KYRKJA

Stedje Sokneråd

Protokoll for møte i Stedje sokneråd, onsdag 27.11.24 kl 16 på Stedjetunet.

Desse møtte: Astrid Bondevik, Guri Høstaker Nordheim, Marta Fimreite, Sigfred Stenehjøm, Kirsti Møller Bruland, Rolv Arvid Leirdal, Jan Helge Løvik, Grete Katrin Sønnesyn.

Desse melde forfall: Kirsti Lunde, Jorunn Furuheim.

Opningsord ved Marta

Protokoll frå møtet 30.10.24 vart godkjend og underskriven.

Orienteringssaker

I møtet vart det informert om:

- Gudstenester sidan siste møtet
- Kvardagstru hausten 2024 (sjå også Sak 43/24: Kvardagstru)
- Invitasjon til inspirasjonssamling Kirkens nødhjelp
- Andre aktivitetar i kyrkjelyden

Vedtaksaker:

Sak 38/24 Val av leiar og nestleiar

Vedtak: Marta fortset som leiar og Sigfred som nestleiar.

Sak 39/24 Offertildeling våren 25

Vedtak: Sjå vedlegg (s.3) for tildelinga som vart vedteken. Det er høve til å endre offertildeling undervegs i halvåret.

Sak 40/24 Møtedatoar våren 25

22.01.25
19.02.25
19.03.25
23.04.25
21.05.25

Vedtak: Lista med møtedatoar er teken til vitande.

Sak 41/24 Organisasjonskart

Soknerådet har ansvar for å finne kandidatar til desse komiteane og utval.

Representant i fellesrådet: Medlem og varamedlem

Diakoniutval: Medlem og varamedlem

Salmekveld komite: Medlem

Ungdomsutval: Medlem og varamedlem

Trusopplæringsutval: Medlem og varamedlem

Til utvala ovafor er det praktisk å bruke medlem og varamedlem for sitjande sokneråd

Rådgjevande organ til styret for Stedjetunet: 2stk.

Styre for Kyrkjelydshytta: 2 stk

Jenssen fondet: Eitt medlem

Til desse styra kan det vera medlem og varamedlem frå sitjande sokneråd, men og personar i kyrkjelyden som har kunnskap og interesse for «økonomi» .

Vedtak: *Lista ovanfor er teken til vitande.*

Sak 42/24 Mobiliseringsreise 2025 (Kirkens nødhjelp)

Vedtak: *Ingen frå soknerådet har høve til å reise.*

Sak 43/24 Kvardagstru

Vedtak; *Komiteen har kome til at det er lurt å ta ein pause med Kvardagstru. Ein oppmodar kyrkjelyden til å koma saman i samtalegrupper og/ eller bibelgrupper.*

Sak 44/24 Endre møtetidspunkt?

Vedtak: *Vi held fram med å møtast kl 16.*

Sak 45/24 Gudstenester ulike datoar

Gudsteneste 8.mars?; Astrid undersøker om ei eventuell gudsteneste kan koblast på anna arrangement same dag.

Sportsandakt, Britabu:

Vedtak: *Vi ynskjer ein dialog med arrangør om eit tidspunkt for andakten, samt om det er mogeleg å lage meir tydelege rammer rundt arrangementet.*

17.mai: Diskusjon: Kan vi ha gudsteneste ved Arve Beheim Karlsen sitt minnesmerke ved elva? Det kan gjere det lettare å kome til gudstenesta, til dømes for foreldre med barn som skal gå i toget etterpå.

Sak 46/25 Saker som kjem til

Sak 36/24 frå sist møte, der det var framlegg om å lage eit arrangement for konfirmantane etter samtalegudstenesta.

Vedtak: *Soknerådet står for mat og drikke til konfirmantane i samband med øving til lysmesse og Ung messe.*

Sak som kjem opp på nyåret: Framlegg om å kjøpe inn skjermar på hjul som kan erstatte gudsteneste-ark i gudstenester.

Astrid leia Herrens bøn og velsigninga som avslutning.

Neste møte: 22.01.25

Sogndal 03.12.24

Marta Fimreite - leiar

Guri Høstaker Nordheim- sekretær

Vedlegg: Oversikt over offertildeling, våren 2025

A	B	C	D
2025	Stedje	Takkeoffer	Kommentar
19/Jan	11:	Sjkehuskyrkja, FSS	
2/Feb	11: 11årsbibel	Bibelselskapet	
	19.30:	VAKE Kyrkjeleg ressussenter mot vald og seksuelle overgrep	
16/Feb	11: Diak.dag	Diakoniarbeid i kyrkjelyden	
2/Mar	11: sprell lev	Trusopplæring	
16/Mar	11:	Normisjon	
23/Mar	19.30:	Kirkens SOS	
30/Mar	11:	Stedjetunet	
17/Apr	Br.b/shos13.30/19.30:		Prioriterast?
20/Apr	11: høgtid	Sygnarussen sitt misjonsprosjekt	
27/Apr	11: UngMesse	Lyngmo	
4/May	19.30:	Stefanusalliansen	
10/May	10 & 12.30: konf	Konfirmasjonsarbeidet i kyrkjelyden	
11/May	10 & 12.30: konf	Konfirmasjonsarbeidet i kyrkjelyden	
17/May	09.45:		Prioriterast?
18/May	11:	Stiftelsen Barnevakten	
25/May	12: Songarstemne?		
1/Jun	11: 50-konf, i Stedje	Kyrkjelydsarbeid	
8/Jun	11: høgtid	Stine Sofies Stiftelse	
15/Jun	11: Museet	Kyrkjelydsarbeid, Kaupanger og Stedje	
22/Jun	11:		